

Årsmøte i Vik Båtforening 14.03.2017

Stad: Sognekraftbygget kl. 19.00. Det møtte ca. 20 medlemmar.

Sak 1: Innkalling

Det var ingen merknader til innkallinga.

Sak 2: Odd Dale vart vald til ordstyrar.

Sak 3: Tore Rørvik vart vald til referent.

Sak 4: Det vart valde 2 til å underskriva protokollen: Ivar Svendsen og Leiv Johannes Balevik

Sak 5: Årsmelding

Leiaren gjekk gjennom årsmeldinga for 2016. Denne vart godkjend utan merknader.

Sak 6: Rekneskap.

Kasseraren gjekk gjennom rekneskapet for 2016. Dette vart godkjent utan merknader.

Sak 7: Inntekts saker

Det var ikkje komme inn saker innan fristen, men formannen hadde nokre orienteringssaker

7a) Det har forekomme misleghald av betaling for båtplass. Styret vil avklåra innholdet i kjøpekontraktane i forhold til misleghald, og kva evt. tiltak ein kan gjera for å driva inn uteståande.

7b) Stort straumforbruk i hamna. Styret undersøkjer meir om dette, og set i verk tiltak for å få kontroll med dette.

7c) Det har vore problem med mykje vogner på opplagsplassen i hamna. Det vart no einstemming vedteke at alle opplagsvogner skal merkast tydeleg med båtplassnr.

7d) Odd Inge Gjeraker orienterte om det nye web kameraet i hamna. Dette vil bli kopla opp mot ein lagringsdisk med kapasitet på ca. 1 veke. Heimesida vil bli utvikla vidare, og snart vil alle i båthamna få tilgang til nett.

7e) Tore Rørvik orienterte om at hamna pr.idag er godkjend iht. Eika sine forsikringsvilkår.

Opplysningane er komme frå Leidulv Finden i Eika forsikring, Vik sparebank.

Sak 8: Budsjett

Det er forventa inntekter på ca. kr 230.000,- og driftskostnader på ca. kr 180.000,-.

Dette vil gje eit forventa overskot på ca. kr. 50.000,-

Styret utarbeidar budsjett utifrå desse råmene.

Sak 9: Val

-Dagfinn Otterskred vart einstemmig attvald som formann

-Bjørn Moheim vart einstemmig attvald som kasserar.

-Odd Dale vart einstemmig vald til nytt styremedlem (etter A.Hønsi)

-Ragnvald G.Sørdal vart einstemmig attvald til valnemnda.

Valnemnda til neste årsmøte består av: Terje Tveit, Harald Fretheim og Ragnvald G. Sørdal.

Sak 10: Skade på bylgjedemparen

B. Moheim orienterte om framdrifta i saka. Det er no vorte rettstvist om ansvar og utbetring av skaden. Saka er mellom Vik Utvikling/Fender Marine og BI-bryggen, og vil ikkje få økonomiske konsekvensar for medlemmane i Vik Båtforening.


Ordstyraren takka for seg og gav ordet til formannen. Han takka for frammøtet
og heva årsmøtet kl. 20.25.

Vik i Sogn 14.03.2017



Ivar Svendsen

Leiv Johannes Balevik



Leiv J. Balevik